



Årsrapport for Ungdomsbedrift

Ungdomsbedriftas namn:	_____	Napo UB
Organisasjonsnummer:	_____	919686162
Skoleår:	_____	2017/2018
Namn på vidaregåande skole:	_____	Florø VGS
Namn på ansvarleg lærer:	_____	XX
Namn på mentor og arbeidsstad:	_____	XX

Årsberetning

Vi i NAPO UB (forkorta frå Norwegian Anti Plastic Organisation) har et ønske om å endre åtferd og tankegang rundt maritim forsøpling. Vi jobbar med å få ut eit viktig bodskap blant unge i alderen (3) 9-19 år. Gjennom presentasjonar, bøker og arrangement forklarar vi om forsøpling og skaper en tankegang som har fokus på dette. Vidare vil vi mobilisere ungdom til å plukke plast mot betaling. Per i dag finansierer vi dette via donasjonar, men målet er å få seld plasten vidare til resirkulering slik at det vert ein sirkulær og berekraftig forretningsmessig økonomi i dette for alle involverte.

Oversikt over tilsette og styret i ungdomsbedrifta:

XX: Dagleg leder

XX: Nest leder

XX: Styre leder

XX: Økonomiansvarleg

XX: Personalsjef

XX: Salssjef

XX: Seljer

XX: Seljer

XX: Sekretær

XX: PR-sjef

XX: Prestasjonshaldar

XX: Prestasjonshaldar

XX: Prestasjonshaldar



Dette har vi gjort:

Vår teneste:

Gjennomførte oppgaver/aktivitetar og oppnådde resultat i ungdomsbedrifta:

Marin forsøpling er eit særst stort miljøproblem over heile verda. NAPO UB vil endre åtferda til barn og ungdom i Flora kommune. Dette er innovativt prosjekt som vi ikkje har sett nokon gjere frå før, og det er definitivt lite aktivitet rundt dette problemet i Flora kommune. Vår løysing til problemet er å reise rundt i Flora kommune og halde foredrag til barn og unge. Her vil målgruppa få en oppkvikkande men og aktivt foredrag der dei lærer og engasjerer seg om plastikk. Vi skal også samle ha ein plast innsamlingsaksjon. Plastikken vil bli levert til ein container som er plassert på forskjellige stader i Flora kommune. Som nemnt ovanfor vil innsamlarane få betalt for plasten, og vi i NAPO vil selje plasten vidare til andre bedrifter.

- Vi har samla inn over 180 plastsekker
- Vi har blitt sponsa av 10 lokale bedrifter
- Heldt foredrag på 10 skular for ca. 720 barn og ungdom
- Deltatt på miljøveke på Stadlandet
- Deltatt på fylkesmesse der vi vant følgande priser:
 - 2. plass på beste stand
 - 2. plass på beste berekraftige bedrift
 - 2. plass på beste ungdomsbedrift
- Deltatt på NM
- «Redda verden»

Problemet:

Innan 2050 vil det vere meir plast enn fisk i havet om vårt forbruk og kast av plastikk ikkje blir endra. I verden i dag blir det kasta ut ca. 15 tonn plast i minuttet. Det er eit aukande behov for ei endring i åtferd rundt forsøpling vi alle er med på. Skolane i dag setter ikkje nok fokus på marin



forsøpling og problema det medfører og vil medføre. Barn og unge i dag vet for lite om dette temaet, og trenger meir kunnskap og interesse for maritim forsøpling.

Løysinga:

NAPO UB har et ønske om å endre åtferd og tankegang rundt maritim forsøpling. Vi jobbar med å spreie et viktig budskap blant unge i alderen 3-19 år. Gjennom presentasjonar, barnebok og et arrangement forklarer vi om forsøpling og skaper en tankegang som setter fokus på dette problemet. Vi lager foredrag spesielt tilpassa målgruppa, uavhengig av talet personar, som vi veit av egne erfaringar funkar best på vår generasjon. Til dags dato har NAPO UB heldt presentasjonar for 8 klasser på ulike grunnskular i Flora kommune, og har moglege oppdrag utanfor kommunen også. NAPO UB held også på med et plast innsamlingsprosjekt. Her vil vi motivere barn og unge til å reise ut i naturen og plukke plastikk. Denne plastikken skal bli levert til en container, og tilbake vil de få en lønning på 100kr. Dette fjernar både plastikk frå naturen, og får enkelt personen til å forstå storheten til faren om maritim forsøpling. Lønninga vi gir vekk er tent inn ved sponsorar. Den plastikken som kan gjenvinnes, vil bli selt til vår søsterbedrift Green Plastic.

Dette har vi lært gjennom året med Ungdomsbedrift:

Vi har lært korleis vi skal samarbeide med kvarandre, og at det er mange utfordringar i det å skulle gjere noko med andre folk. Vi har hatt mange forskjellige problem som vi har vore nøydt til å løyse og vi har vore nøydt til å samarbeide med kvarandre og andre folk for å løyse desse problema. Vi har for eksempel opplevd å måtte køyre langt for å hente ting som vi har bestilt så seint at vi ikkje har kunne posta det. Gruppa har blitt veldig flink til å ta initiativ, noko vi har lært frå å starte opp mange forskjellige prosjekt (plastinnsamling, foredrag og ei miljøveke på Stadt).



Årsregnskap

Årsregnskapet inneholder en oppstilling¹ av resultatregnskap og balanse:

Resultat	Beløp	Balanse	Beløp
Driftsinntekter	51 563		
- driftskostnader	21 578	 Eiendeler:	
= Driftsresultat	29 984	Anleggsmidler	0
+ finansinntekter	0	Kontanter og bankinnskudd	0
= Årsoverskudd	25 989	Varelager	0
		Sum omløpsmidler	0
		Gjeld og egenkapital:	
		Innskutt egenkapital	1300
		Opptjent egenkapital	0
		Kortsiktig gjeld	0
		Langsiktig gjeld	0
		Sum gjeld og egenkapital	1300

Et eventuelt overskudd fordeles slik:

- Deler ut 1000 kr til hver ansatt som lønn
- Donerer 5000 kr til In The Same Boat
- Betaler 3500 kr som forskuddsbetaling til skole
- Resten brukes til avslutning

Noter:

Årsrapporten er godkjent av generalforsamlingen, sted/dato: 01.06.18 Florø

XX

Signatur daglig leder

Vedlegg: revisjonsberetning

XX

Signatur styreleder